

Til Meland kommune

SPØRSMÅL VEDKOMANDE TOLKING AV KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL, OMRÅDE 31

Eg er ein av dei som hadde innspel til rullering av kommuneplanen sin arealdel for Meland kommune. Innspelet vart sendt inn på e-post, var datert 19. 01. 2011, og galdt ønske om nytt bustadareal på GNBN, 49, 8, Io i Meland kommune, adresse Grønhaugvn. 23, 5917 ROSSLAND. Innspelet hadde ei grundig grunngiving.

I planframlegget, godkjent i Formannnnsskapet 04. 06. 2014, forstår eg konsekvensutgreiinga slik at kommunen har sett med velvilje på mitt innspel. Eg les planen slik at mitt innspel har fått områdenummer 31 i konsekvensutgreiinga, at det er i tråd med arealstrategiane, og at det dermed er gitt grønt lys i planframlegget for bygging av ein eller fleire nye bustader på GNBN 49, 8, der det elles er svært god plass til føremålet.

Sidan dette spelar ei avgjerande rolle for framtida til bruket vårt, er det viktig å sikra seg mot feiltolkingar og unngå problem i framtida når søknader skal skrivast. Spørsmålet er kort og godt: *Har eg forstått dette punktet rett, slik det går fram av mi tolking i andre avsnittet?*

Dette er altså ikkje noko nytt innspel, men eit enkelt spørsmål, som eg håpar å få raskt svar på.

Io, 01.09. 2014

Vennleg helsing

Ragna Ådlandsvik